



DET KONGELEGE  
LANDBRUKS- OG MATDEPARTEMENT

Fylkesmennene  
Fylkesdirektøren i Møre og Romsdal

Dykkar ref

Vår ref  
200602606-/SLO

Dato  
24.01.2007

**Statsbudsjettet 2007 - Tildeling av fagmidlar til Fylkesmannen over  
Landbruks- og matdepartementet sitt budsjett: Kap 1144 post 77 og omtale av  
Kap 1150 underpost 50.11 Fagmidlar for 2007**

Med bakgrunn i St.prp. nr 1 (2006-2007) Landbruks- og matdepartementet, samt Stortinget si behandling av denne, vert det i dette brevet gjeve rammetildeling innanfor Kap. 1144 post 77 Ressursforvaltning og miljøtiltak i landbruket. Det vert også gjeve ei kort omtale av Kap. 1150 underpost 50.11 Bygdeutviklingsmidlar.

Vedlegg 1 gjev ei oversikt over tildeling av midlar knytt til det enkelte embetet over kap 1144 post 77.

Tildelinga over **Kap. 1144 post 77** skal gå til gjennomføring av konkrete prosjekt knytt til miljø- og ressursarbeidet og til Fylkesmannen si oppfølging av det kommuneretta arbeidet knytt til landbruksområdet. **Kap. 1150 underpost 50.11** er dei fylkesvise BU-midlane.

Det vert også vist til tekst under dei enkelte fagmidlane for nærmare informasjon om postering.

Utgiftene skal debiterast etter kvart som dei forfell på førnemnde kap/post, og må takast med i kassarapportane på vanleg måte. Det vert teke atterhald om at Landbruks- og matdepartementet og Riksrevisjonen kan foreta kontroll med at midlane er brukt i samsvar med føresetnadane. Dersom midlane ikkje vert brukte etter føresetnadane, kan tildelinga bli trekt tilbake.

Vi syner samtidig til brev av 15.12.2006 til Fylkesmennene frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet angående bruk av interimskonti. Landbruks- og matdepartementet vil presisere at det ikkje er høve til å nytte interimskonti i samband med kap 1144 post 77.

---

Postadresse	Kontoradresse	Telefon	Avdeling for forskning,	Sakshandsamar
Postboks 8007 Dep	Akersgt. 59	22 24 90 90	innovasjon og	Siri Lothe
			regionalpolitikk	22249217
0030 Oslo		Org no.	Telefaks	
		972 417 874	22 24 91 50	

Landbruks- og matdepartementet legg i utgangspunktet ikkje opp til at det er mogleg å få overført midlar som vert ståande ubrukte på kap 1144 post 77 til neste års budsjett med mindre det ligg særskilde årsaker til grunn for dette.

## **1 INNLEIING**

### **1.1 Generelt**

Fylkesmannen skal ivareta dei nasjonale måla i landbrukspolitikken, jf. St. prp. nr. 1 (2006-2007), og er ansvarleg for ei regional tilpassing av den nasjonale landbrukspolitikken på regionalt nivå. Eit av måla er å stimulere til lokal forankring, forståing og aksept for viktige landbrukspolitiske målsetningar, og å byggje på regionale fortrinn. For vidare omtale av Fylkesmannen sine oppgåver syner vi til tildelingsbrevet for 2007 frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet for Kap. 1510 Fylkesmannsembeta, til det elektroniske embetsoppdraget, og til tildelingsbrev frå Statens landbruksforvaltning av 21.12.2006. Fylkesmannen må sjå desse dokumenta i samanheng. Vi syner også til departementet sitt tildelingsbrev til 4H Norge, der samarbeidsflatene mot fylkesmennene er omtalt.

### **1.2 Styringsdialogen (Landbruks- og matdepartementet – Fylkesmannen)**

Som eit ledd i den faglege styringsdialogen med Fylkesmannen gjennomfører Landbruks- og matdepartementet styringsmøte med kvart embete annankvart år.

I 2007 vil Landbruks- og matdepartementet gjennomføre styringsmøte i fylgjande embete: Nordland, Troms, Finnmark, Oslo og Akershus, Vest-Agder, Rogaland, Vestfold, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Vi syner også til tildelingsbrevet frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet for dato for møta.

I tillegg vil det bli helde fagmøte med landbruksavdelingane, jf. vedlagte møtekalender.

### **1.3 Tenester knytt til teknisk planlegging**

Fylkesmannen skal ivareta tenester knytt til teknisk planlegging i dei embeta der teknisk planlegging framleis er ein del av oppgaveporteføljen. LMD vil i løpet av 2007 ha ein gjennomgang av framtidig organisering av teknisk planlegging, og kjem nærmare tilbake til saka i samband med budsjettproposisjonen for 2008. Dette er også omtalt i embetsoppdraget frå Landbruks- og matdepartementet.

### **1.4 Hald av kontorlokale og kontortenester – frivillige organisasjonar**

Ordninga med at dei frivillige organisasjonane 4H, Det norske skogselskap, Landbruksselskapet og Det norske hageselskap ikkje betalar for kontorlokale og kontortenester hjå Fylkesmannen er nedfelt i St. prp. nr. 1 (1999-2000)

*Landbruksdepartementet.* Fylkesmannen vurderer sjølv tenesteyting utover dette utifrå eigne budsjetttrammer og den meirverdi arbeidet i den enkelte organisasjonane gjev i høve til dei oppgåvene som skal løysast i embeta. Landbruks- og matdepartementet legg til grunn til at det ligg føre samarbeidsavtaler mellom 4H, ev andre organisasjonar og dei enkelte fylkesmannsembeta som klargjer dei faglege samarbeidsflatene, og forventningar i høve til kva dei enkelte embeta skal dekkje av løpande kontorutgifter for organisasjonane.

Dei frivillige organisasjonane si tilknytning og samarbeid mot Fylkesmannen vil bli vurdert i høve til det vidare arbeidet med forvaltningsreformen.

## 2 NÆRMARE OM TILDELINGA PÅ KAPITTEL OG POSTAR

### 2.1 Kap 1144 post 77 Ressursforvaltning og miljøtiltak i landbruket

I statsbudsjettet for 2007 vert det stilt kr. 6,097 millionar til disposisjon over kap. 1144 post 77.

Nedanfor følgjer ei oversikt over dei enkelte tildelingane og prosjekta.

#### 2.1.1 Rovviltkompensasjon

Landbruks- og matdepartementet gjev tilskot til arbeidet med rovviltproblematikken i dei embeta der konfliktane knytt til rovdyr er størst. Tildelinga skal nyttast til å kvalitetssikre førebyggjande tiltak som det vert gjeve offentleg stønad til. Landbruksavdelinga skal i samarbeid med miljøvernavdelinga aktivt fylgje opp tap på beiter og moglegheiter for alternativ beitebruk og medverke til at fellingskvoter, lisensar og skadefellingar vert sett i samband med næringsdrift basert på utmarksbeite.

Fylkesmannen skal i samarbeid med dei regionale rovviltnemndene føre vidare arbeidet knytt til rovviltforvaltning i tråd med St. meld nr. 15 (2003-2004) og signala gjeve i Soria Moria-erklæringa. Fylkesmannen har ei viktig rolle knytt til samordning av miljøpolitiske og landbrukspolitiske verkemiddel, samt å gje kommunane naudsynt informasjon om bruk av kommunale midlar (SMIL). Fylkesmannen skal bidra aktivt til å finne løysingar som har ei varigheit og er framsynte både for ei framtidretta beitenæring og for bevaring av rovvilt i tråd med nasjonale mål, jf felles brev av 28.7.2006 om beitebruk og rovviltforvaltning frå Landbruks- og matministeren og Miljøvernministeren.

#### 2.1.2 Det kommuneretta arbeidet på landbruksområdet

I tillegg til oppfølginga av dei økonomiske og juridiske verkemidla som kommunane har fått ansvaret for, er det framleis viktig å vidareutvikle og styrkje kommunane si rolle som landbrukspolitisk aktør og vere pådrivarar innan samfunns- og næringsutvikling. Regjeringa ynskjer å forsterke kommunane si rolle som tilretteleggjar for næringsutvikling og entreprenørskap lokalt. Fylkesmannen skal i 2007 vidareføre det kommuneretta arbeidet gjennom god dialog med kommunane og utøving av sin funksjon som kompetanse-, klage-, og kontrollorgan.

Alle embeta får også i 2007 ei særskild tildeling til det kommuneretta arbeidet. Midlane skal nyttast til å styrkje kommunane si rolle og ansvar som landbrukspolitisk aktør, mellom anna gjennom dialog med politisk leiing. Fylkesmannen skal bidra til at kommunane ser landbruks- og matpolitikken i samanheng med anna næringspolitikk og ressurs- og miljøforvaltning. Fylkesmannen skal også legge til rette for opplæringstiltak overfor kommunane slik at dei best mogleg kan ivareta nye krav og oppgåver. I samband med val av nye kommunestyre og fylkesting i 2007 vil det vere viktig å nå nye folkevalde med landbrukspolitisk kompetanse. Departementet har sett av midlar til revidering av landbruksområdet i *Folkevalgtprogrammet* som KS har ansvar for. *Samarbeidsavtalen* mellom Landbruks- og matdepartementet og KS er viktig i arbeidet med synleggjering og bevisstgjerjing av administrativ og politisk leiing, samt

dei folkevalde, både regionalt og lokalt. Samarbeidet mellom KS regionalt og fylkesmennene inngår som eit av elementa i avtala. I dei kommunane som deltek i arbeidet med programmet *Livskraftige kommuner- kommunenettverk for miljø- og samfunnsutvikling*, er det viktig at Fylkesmannen ser til at dette arbeidet vert samordna med anna miljøretta arbeid på landbruksområdet.

For nærmare omtale av elementa i det kommuneretta arbeidet på landbruksområdet syner vi også til det elektroniske embetsoppdraget og tildelingsbrevet frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Følgjeforskningsprosjektet *Kommunalisering Pluss* som Norsk senter for bygdeforskning har ansvaret for, vil bli avslutta fyrste halvår 2007. Føremålet med prosjektet er å evaluere kommunesatsinga med omsyn til delegering av juridiske og økonomiske verkemiddel frå Fylkesmannen til kommunane.

Statistisk Sentralbyrå vil i samarbeid med Faggruppe landbruk følgje opp og vidareutvikle KOSTRA-rapporteringa på areal- og eigedomsområde. Ei viktig oppgåve for fylkesmannen i dette arbeidet vil vere å bidra til at rapporteringa frå kommunane blir best mogleg slik at talmaterialet kan vere eit godt reiskap for dialogen med kommunane på området.

### **2.1.3 Særskilde prosjekt**

Fylkesmannen i Troms får midlar til å vidareføre samarbeidet i nordområdet, *økt kontakt med Russland*. Fylkesmannen i Troms har eit særskild ansvar for å fylgje opp og ivareta den prosjektorienterte kontakta som er etablert i nordområdet. I dette arbeidet skal Fylkesmannen i Troms samarbeide og nytte seg av den kontakta og kompetansen som allereie er etablert hjå Fylkesmannen i Nord-Trøndelag, Nordland og Finnmark. Det er viktig at Fylkesmannen i Troms syter for kompetanseoverføring innan eigen organisasjon og til andre samarbeidande fylke. Fylkesmannen skal rapportere på arbeidet som vart gjort i 2006 i årsrapporten.

Fylkesmannen i Nordland vert tildelt midlar til å slutføre skogbruksprosjektet i samarbeid med Helgeland Museum og Statsskog. Fylkesmannen skal mellom anna arbeide for å synleggjere skogen og skogbruket i turist og næringsssamanheng. Prosjektet er 3-årig og vert avslutta i 2007. Fylkesmannen skal rapportere på arbeidet som vart gjort i 2006 i årsrapporten.

### **2.1.4 Anna rapportering**

For beskriving av rapportering under Kap. 1144 post 77 syner vi elles til embetsoppdraget.

### **2.1.5 Postering**

Prosjekt skal belastast på Kap. 1144 post 77 17 11 – Prosjekter  
Rovviltkompensasjon og kommunesatsingstiltak skal belastast på Kap. 1144 post 77 17 12 – Diverse.

## 2.2 Kap. 1150 underpost 50.11 – BU-midler

### 2.2.1 Fordeling av rammer

Under jordbruksforhandlingane i 2006 vart det sett av totalt 371 mill. kroner i fylkesvise BU-midler. Hovudmålet for bygdeutviklingsmidlane er å leggje til rette for næringsutvikling som dannar grunnlag for langsiktig, lønnsam verdiskaping og desentralisert busetnad med utgangspunkt i landbruket sine ressursar generelt og landbrukseigedomar spesielt.

Arbeidet med næringsutvikling i landbruket skal baserast på Landbruks- og matdepartementet sin strategi for næringsutvikling ”Ta landet i bruk!”, og operasjoniserast gjennom den regionale strategien.

Det vil bli sendt ut et eige rundskriv for BU-midlane for 2007. I dette rundskrivet vil også den fylkesvise fordelinga gå fram. Ny forskrift for BU-midlane skal takast i bruk frå og med 01.01.2007.

På same måte som i 2006 skal Fylkesmannen sende et oppdragsbrev til Innovasjon Norge, der det blir delegert myndigheit til å løyve bedriftsretta BU-midler i samsvar med §4 i BU-forskrifta. Oppdragsbrevet må sendast til Innovasjon Norge innan 1.mars 2007 med kopi til Statens landbruksforvaltning. Dersom myndigheit skal delegerast til kommunane, må dette også skje innan 1.mars.

#### *Oppland*

I 2004 sette Landbruks- og matdepartementet i gang eit forsøk med forvaltning av BU-midler i regi av regionråda for Nord-Gudbrandsdal og Valdres. Forsøket varer i fire år, med moglegheit for to års forlenging. Målsettinga med forsøket er å bidra til forenkling og effektivisering i forvaltninga av BU-midlane, auka brukarorientering og lokaldemokrati, samt meir forpliktande interkommunalt samarbeid.

Kommunane i forsøket har forvaltningsansvaret for BU-midlane. Forsøket vert finansiert ved oppdeling og omdisponering av Oppland fylke si fylkeskvote.

#### *Hedmark, Oppland og Møre og Romsdal*

I St.prp. nr. 69 (2004-2005) Om jordbruksoppgjøret 2005 vart det bestemt at det skulle opprettast eit 5-årig seterprosjekt i Hedmark, Oppland og Møre og Romsdal. Det er øyremerkta 10 mill. kr. til føremålet i perioden. Tildeling av midlar til dei tre prosjektfylka og retningslinjer for bruken av midlane kjem i BU-rundskrivet for 2007.

#### *Lokale og regionale tiltak for å vidareutvikle tilbodet av sunn mat, inkl. frukt og grønt til born og unge*

Landbruks- og matdepartementet finansierte i 2006 prosjekt i fylka med 1,8 millionar kroner av dei sentrale BU-midla som ledd i arbeidet med utvikling av matpolitikken. Målsettinga var å stimulere og vidareutvikle tilbodssida innan sunn mat, inkl. frukt og grønt til born og unge. Fylkesmannsembeta hadde ei sentral rolle ved prioritering og gjennomføring av prosjekta. Det vert teke sikte på at det vert iverksett liknande prosjekt også for 2007. Landbruks- og matdepartementet vil komme tilbake til nærmare konkretisering av oppdrag i samband med dette.

### *Streif-arrangement*


Streif var eit ledd i Mat og kulturlandskap 2005, og var tilrettelagde vandringar for ålmenta i kulturlandskapet kombinert med opplevingar av lokal mat, kultur og historie. Streif vart sentralt koordinert av Landbruks- og matdepartementet, og fylkesvis koordinert av Fylkesmannen. Ordninga vart vidareført i 2006, og Landbruks- og matdepartementet er svært nøgde med den aktiviteten som har skjedd i ein del fylker gjennom dette året. Også i 2007 tek departementet sikte på å sette av midlar til støtte av Streif-arrangement. For 2007 er det ynskjeleg at desse arrangementa har eit sterkt fokus på kulturlandskapsbasert næringsutvikling og verdiskaping, til dømes knytt til opplevingsturisme og reiseliv o.a. Landbruks- og matdepartementet vil komme nærmare tilbake til saka.

### **2.2.2 Rapportering**

Tabellen nedanfor syner ei oversikt over rapportar og oppdragsbrev knytte til BU-midlane.

Rapportering frå Fylkesmannen til Innovasjon Norge (tilretteleggingsmidlane)	15.januar
Rapportere på bruken av BU-midlar i høve til den regionale næringsutviklingsstrategien i fylkesmannens årsrapport. Kopi til Innovasjon Norge.	28.februar
Oppdragsbrev med innvilgingsramme frå Fylkesmannen til Innovasjon Norge (med kopi til SLF)	1.mars

Med helsing



Frøydis Vold (e.f.)  
ekspedisjonssjef



Wenche Østrem  
avdelingsdirektør

Kopi:  
Riksrevisjonen  
Fornyings- og administrasjonsdepartementet  
Statens landbruksforvaltning

**Vedlegg 2**

## Vedlegg 1 - midlar til fordeling over kap 1144 post 77

Embete	Kommuneretta arbeid	Roviltkompensasjon	Prosjekt	Sum
Østfold	100 000	50 000		150 000
Oslo/Akershus	100 000	50 000		150 000
Hedmark	100 000	320 000		420 000
Oppland	100 000	250 000		350 000
Buskerud	100 000			100 000
Buskerud	100 000			100 000
Vestfold	100 000			100 000
Telemark	100 000			100 000
Aust-Agder	100 000			100 000
Vest-Agder	100 000			100 000
Rogaland	100 000			100 000
Hordaland	100 000			100 000
Sogn og fjordane	100 000			100 000
Møre og Romsdal	100 000	150 000		250 000
Sør-Trøndelag	100 000	150 000		250 000
Nord-Trøndelag	100 000	250 000		350 000
Nordland	100 000	250 000	75 000	425 000
Troms	100 000	200 000	300 000	600 000
Finnmark	100 000	50 000		150 000
<b>Sum</b>	<b>1 900 000</b>	<b>1 720 000</b>	<b>375 000</b>	<b>3 995 000</b>

## Vedlegg 2 - møtekalender 2007 for Fylkesmannsembeta i regi av Landbruks- og matdepartementet og Statens Landbruksforvaltning

Tidspunkt	Tema	Sted	Ansvarlig
7.-8. februar	Samling for landbruksdirektørene	Oslo	LMD
Mars	Fagsamling/ husdyrkonsepsjon	Oslo	SLF/ Seksjon Produksjonsregulering
Mars/april	Nettverkssamling – juridiske verkemidler (2 dager)	Oslo-området	SLF/ Seksjon Arealbruksutvikling
April	Utveljing og oppfølging – verdifulle kulturlandskap i fylka	?	SLF/ Seksjon Miljø og kulturlandskap
April	Nettverkssamling – tresatsing	?	Innovasjon Norge
April/mai	Introduksjon nytt fagsystem (ELF) og fagtema erstating	Oslo-området	SLF/ Seksjon Avlingssvikt og naturskade
29.-30. mai	Samling for landbruksdirektørene	Oslo	LMD/SLF
30.-31. mai	Fagsamling – kontrolloppgåver og tilskotsforvaltning	?	SLF/Seksjon Direkte tilskudd
Mai/juni	Nettverkssamling – arealforvaltning (2 dager)	Oslo-området	SLF/Seksjon Arealbruksutvikling
August/september	Samling for landbruksdirektørene - studietur	?	Landbruksdirektøranes AU
August/september	Fagsamling innan skogområdet	Sogn og Fjordane	SLF/ Seksjon Miljø og kulturlandskap
September/oktober	Arealkonferanse	?	SLF/ seksjon Arealbruksutvikling
September/oktober	Erfaringsamling, EVL/KIL for FM, kursarrangørar og prosjekthaldarar	Oslo-området	SLF/ Seksjon Velferd og kompetanse
Oktober	Samling for landbruksdirektørene i samband med framlegging av statsbudsjettet	Oslo	LMD